


Framandspråk i vidaregåande opplæring 2011–2012: Spansk størst, sterk auke i nivå II og nivå III

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa, Notat 2/2012

Spansk er det største framandspråket i studieførebuande utdanningsprogram. Nesten halvparten av elevane har spansk som fellesfag. Det viser tal for skuleåret 2011–2012 som Utdanningsdirektoratet har publisert på skoleporten.udir.no. Tala viser òg at ein stadig større del av elevane har same framandspråket i vidaregåande opplæring som dei hadde på ungdomssteget. Talet av elevar som vel framandspråk som programfag, aukar kraftig, særleg på nivå III. I dette notatet skal vi sjå nærmare på tala frå Utdanningsdirektoratet. I første del rettar vi blikket mot fellesfaget framandspråk, deretter går vi inn på programfaga innanfor framandspråk, og til slutt ser vi på utviklinga for engelsk og dei andre språkfaga innanfor programområdet Språk, samfunnsfag og økonomi.

Figur 1. Framandspråk som fellesfag på Vg1 og Vg2, skuleåret 2011–2012



Framandspråk som fellesfag: få endringar


Alle elevar som vel studieførebuande utdanningsløp, skal ha framandspråk som fellesfag. Elevar som har framandspråk nivå I på vitnemålet frå ungdomsskulen, har faget over to år, og dei skal velje om dei vil halde fram med det «gamle» språket sitt på nivå II, eller om dei vil byte til eit nytt språk på

nivå I. Dette skjer innanfor skulen sitt fagtilbod. Elevar utan framandspråk frå ungdomssteget skal ha tre år med framandspråk, og dei skal ha faget på nivå I/II.

Spansk har vore størst på Vg1 og Vg2 i nokre år no, og det er også tilfelle i år (sjå figur 1). Faget veks ikkje lenger så fort som tidlegare; i år har 44 % av elevane spansk, mot 43 % i fjor og 39 % i 2008–2009. Utflatinga av tala for spansk er kan hende ei følge av at den sterke auken som spanskfaget har hatt i ungdomsskulen dei seinare åra, har stogga. Situasjonen for fransk er omvendt, her er det kvart år litt færre elevar. I år er prosentdelen elevar med fransk 18, mot 19 i fjor og 23 i 2008–2009. Tysk ligg på 36 % både i år og i fjor; i 2008–2009 hadde 37 % av elevane tysk. Det er framleis berre eit nokså lite innslag av andre framandspråk: Om lag 2 % av elevane får opplæring i eit anna språk enn fransk, spansk eller tysk. I denne gruppa finn vi mellom anna italiensk (423 elevar), nordsamisk (188 elevar), russisk (157 elevar) og kinesisk (101 elevar). Halvparten av elevane i kategorien «mindre underviste framandspråk» er registrert i Finnmark, Oslo og Troms.

Talet på elevar som får opplæring på nivå II, har auka kraftig dei seinare åra, og også i 2011–2012 går dette talet vidare opp. I år har 65 % Vg1-elevar framandspråk på nivå II, mot 40 % i 2008–2009. Denne oppgangen er først og fremst eit resultat av at det ikkje lenger er lov å starta om att med same språket på nivå I på Vg1. Det er flest nivå II-elevar på fransk: 72 % (sjå figur 2). Talet er 67 % for spansk og 60 % for tysk. Vi ser i år òg at det er fleire elevar som er registrerte på nivå I/II, altså elevar som ikkje hadde framandspråk på ungdomssteget. Det kan kanskje forklarast av at det er ein generell auke i talet på elevar som vel studieførebuande utdanningsprogram (på kostnad av yrkesfag), og at mogleg ein etter måten stor del av desse elevane valde bort framandspråk på 8. eller 9. steget.

Figur 2. Prosentdelen elevar som har framandspråk på nivå II, skuleåret 2011–2012




Framandspråk som programfag: kraftig auke på nivå III

I år er det nesten 2000 elevar som er registrerte på eit av programfaga innanfor framandspråk, nærmast ei dobling samanlikna med i fjor. Skular kan tilby framandspråk som programfag som del av tilbodet sitt innanfor programområde for språk, samfunnsfag og økonomi – anten som vidareføring av fellesfaget (nivå III på Vg3, i nokre tilfelle også nivå II) eller som nybegynnerspråk (nivå I på Vg2 og nivå II på Vg3).

I 2008–2009 var det i underkant av 300 elevar på landsbasis som hadde framandspråk som programfag på nivå III. I år er talet for første gong over 1000, og meir enn halvparten har spansk. Spansk er òg det språket som veks fortast; berre sidan i fjor er spansk III nesten firedobla (sjå figur 3). Fransk og tysk veks òg vidare, men i eit klart lågare tempo. Den sterke auken i talet på elevar som tek framandspråket sitt heilt til topps, kan forklarast med auken på nivå II, innføring av tilleggspoeng ved opptak til høgare utdanning, samkøying av programfagtilbodet i ei rekkje fylke og større merksemd omkring faga på dei enkelte skulane.

Figur 3. Framandspråk som programfag på nivå III, skuleåra 2008–2009 til 2011–2012



Heile 24 % av programfagelevane har andre framandspråk enn fransk, spansk og tysk (jf. talet på 2 % på fellesfag). Det skriv seg frå to faktorar: Ei rekkje skular tilbyr «mindre underviste framandspråk» som arabisk, italiensk, japansk og kinesisk til elevane sine. Faga er ganske populære på desse stadene. Blant elevane som har framandspråk som programfag, finn vi òg ein god del elevar som tek faget som privatist samtidig som dei beheld elevstatus på skulen sin. Dette er ofte elevar som har eit anna morsmål enn norsk, og som går opp til eksamen i dette språket. Tabell 1 viser dei ti største

programfaga etter fransk, tysk og spansk. Brorparten av desse elevane er registrerte i Oslo og Akershus.

Tabell 1. Programfag framandspråk, «mindre underviste språk», skuleåret 2011–2012

Språk	Elevar	Språk	Elevar
Italiensk	102	Tyrkisk	28
Kinesisk	67	Finsk	26
Tamil	51	Russisk	22
Arabisk	35	Somali	22
Urdu	28	Japansk	17

Stabilt for engelsk, reiseliv og språk og kommunikasjon og kultur

Skular kan tilby tre forskjellige programfag innanfor engelsk: internasjonal engelsk og (i forlenging av dette faget) samfunnsfagleg engelsk og engelskspråkleg litteratur og kultur. Internasjonal engelsk har heilt sidan 2008–2009 hatt litt i overkant av 10 000 elevar – i år er det registrert 10 215 elevar på dette faget. Størstedelen av dei går på Vg2 studieførebuande utdanningsprogram, men her finn vi òg Vg3-elevar og elevar frå yrkesfag. I 2011–2012 har 4716 elevar valt samfunnsfagleg engelsk (ein liten auke frå i fjor), mens 1804 elevar har engelskspråkleg litteratur og kultur (ein nedgang frå i fjor).

Interessa for faget reiseliv og språk aukar. Dette faget blei innført med Kunnskapsløftet og er tilbod på eit mindre utval av skular. I år er det 1000 elevar som har valt dette faget, av dei 72 % på nivå 1 og 28 % på nivå 2. Kommunikasjon og kultur 1, 2 og 3 har, sett under eitt, ein lettare nedgang i elevtalet, som i år ligg mellom 2300 og 2400.

Negativ utvikling for antikkens språk og kultur

Antikkens språk og kultur er ei faggruppe som omfattar gresk 1 og 2, latin 1 og 2 og antikkens kultur. Gresk er det ikkje tilbod om nokon stad, og det er i alt berre fire–fem skular att som samla har litt i overkant av 100 elevar på latin og antikkens kultur på Vg2 og Vg3 – ein klar nedgang frå i fjor.

Halden, 11. april 2012

Gerard Doetjes